

# KA-lager, lauslager og hurtignedkjøling



Jon Olav Forbord  
Rådgivar , NLR Trøndelag

# Tema

- KA-lager = lager med manipulert luftsammensetning – kontrollert atmosfære
- Lauslager = lagring av bulkvare
- Hurtigkjøling = rask nedkjøling av produkt for å auke haldbarheita i omsettinga
- CO<sub>2</sub> i lagerlufta
- Lagringstemperatur - muligheter

## Kontrollert atmosfære

- KA – lager er ein aktuell lagringsmetode til noen grønsaker
  - Redusert O<sub>2</sub> innhald i lufta, frå 2-3 – 8 % O<sub>2</sub> (Normalt 21 %)
  - Høgere CO<sub>2</sub> innhald i lufta, frå 0,04 – 10 % CO<sub>2</sub>
- ULO-lagring er ein variant av KA lager
  - Blir brukt til lagring av frukt, særleg eple og litt pære
  - Ultralågt oksygeninnhald i lagerlufta – om lag 1 %
  - Noe høgare CO<sub>2</sub> innhald – om lag 3%



KA-lager er noe brukt på kinakål

# KA-lagring

- Målsetting
  - Redusere respirasjon og etylenproduksjon
  - Må balanserast mot stress, som kan auke etylenproduksjonen => påskynder nedbrytinga
  - Høgare innhald av CO<sub>2</sub> hemmer ACC syntesen – som er nøkkelfaktoren i etylenbiosyntesen
  - ACC-oksidase blir stimulert av lågt CO<sub>2</sub> innhald og hemma av høgt innhald
- Optimal KA fører til
  - Reduserer tapet av klorofyll – held på grønfargen
  - Senker farten på celleveggnedbrytinga
  - Reduserar tapet av syre, omdannig av stivele til sukker
  - Redusert tap av flyktige smaksstoff
  - Redusert tap av askorbinsyre og andre vitaminer



# KA-lagring

- Teknisk krevande metode
  - Huset må vera velisolert og forsegla
  - Må kjørast trykktest før endring av atmosfære
- Aktuelle produkt
  - 6 – 12 mndr lagringsperiode – noen eple- og pærer
  - 3 - 6 mndr lagring – kål, kinakål
  - 1 – 3 mndr lagring – Kirsebær og plommer
  - < 1 mnd lagring – Brokkoli, salat, jordbær, friskkutta frukt og grønt
- MAP – modifisert atmosfære-pakking – for friskkutta produkt

# KA-lager?

- Gulrot = uaktuelt, etylen => bitter gulrot
- Pastinakk = uaktuelt, etylen => bitterheit
- Knollselleri – kanskje: 2-4 % O<sub>2</sub> og 2-3 % CO<sub>2</sub>
- Rotpersille - tja, aktuell atmosfære er 5 -10 % O<sub>2</sub> og 5 -10 % CO<sub>2</sub>

(Ref: micantwell@ucdavis.edu)


# Lauslager

- Mest kjent til potet
- Effektivt system for lagring av fabrikkpotet
- Kanal under golvet
- Effektiv varmetransport
- Godt egna for kjøling med uteluft
- Kan lagre potet 4 -6 m høgt
- Arbeidseffektiv
  - Innlegging
  - Utlasting
- Finst system for lause kanalar på golv
  - Halvrunde kanalar
  - Kan gjøre om lagerbygg til potetlager
    - Krev nok veggstyrke



# Lauslager

- Potet
  - Største utfordring i Norge er risiko for variert kvalitet eller temperatur under opptakinga
  - Kald potet på varm potet gir kondenssone.
  - Opptørkinga (tørkefronten) flytter seg 4 cm oppover pr. time (Hylmo & al, 1975)



Teikning: Alf Johansson

# Lauslager

- Kostnadseffektiv lagringsmetode
- Andre aktuelle produkt enn potet?
- I Canada har dei ein tabell som tilseier bruk av lauslagring til:

Vekst	Tettheit kg/m <sup>2</sup>	Lagringshøgde, m	Respirasjon W/tonn		
			0° C	5° C	16° C
Kål	500	2,0-3,0	10-12	25-30	70-100
Gulrot	550	3,0-4,0	10-13	17-20	60-80
Pastinakk	550	2,5-3,6	10-20	16-40	60-80
Gresskar	600	3,0-3,6			
Kålrot	600	3,0-3,6	6-8	10-15	25-40

Tettheita varierer 10-15 % avhengig av sort og storlek



Kålrot har ei utfordring med kasselagring =>lauslager?

Gulrotkvitflekk (?) lever på trekassar

Kanskje andre sjukdommar

Men kan redusert risiko for lagringssjukdommar bli oppvegd av handteringsskadar?

# Effektiv kjøling – produkttemperatur - hurtigkjøling

- Effektiv kjøling starter med haustinga
  - Veksttid
  - Tidleg morgen
  - Skygge
  - Tid (frå hausting til kjøling)
  - Utnytt nattkulde
    - Kålrot
    - Gulrot
    - Kål

## «Terrorbalanse» produkt - skadegjørar

- Smittenivå
- Produktets «kondisjon»
- Luftfuktigkeit
- Temperatur
- Frisk luft
- Eit kjølelager kan aldri bli eit sjukehus



## Kondens/vasstoleranse

- Ekte røter, gulrot og pastinakk reagerer positivt på friskt vann
- Oppsvulma rothalsar og stengel, som kålrot og selleri, er tolerante for midlertidig overflatefukt
- Bladgrønsaker, kvitkål og kinakål, bør ikke utsettas for kondens.
- Alle har same krav til relativ luftfuktighet




## Kvifor forkjøling/hurtigkjøling

- Hemmer vekst av nedbrytande organismar
- Reduserar enzymaktiviteten
- Reduserar tap av vatn frå hausta produkt
- Reduserar respirasjon og etylen( $C_2H_4$ )frigjøring
- Gir rask sårhelting

## Pre-cooling of Fruits and Vegetables

### Effect of pre-cooling

Pre-cooled -  
Alive & Happy



Not-Precoled -  
Faster Sick and Die



*End*


*Previous*

*Next*



# Kjølemetodar

- "Tvungen luft" – kjøling (sug)
- Hydrokjøling
  - Vatn som kjølemedium (nedsenking)
  - Krev spesiell emballering
- Vakuum og vassdamp vakuumkjøling
  - Bladrike grønnsaker
- Ising (er eller var vanlig for brokkoli i USA)
- Vatn (spray/dusjing)
- Tørris
- Romkjøling – tidkrevende
  - CA-lagring



*Oppstilling for tvungen luftgjennomgang med sug*

# Kjølemetodar

		Tvungen luft	Hydro	Vakum	Dusj (vatn)	Is	Rom
Vanlig nedkjølingstid, timer		~1- 10	0,1 - 1	0,3 - 2	0,3 - 2	0,1 - 0,3	20 - 100
Tap av vann fra produkt, %		0,1 - 2	0 - 0,5	2,0 - 4,0	Ingen data	Ingen data	0,1 - 2,0
Produktkontakt med vann		N	J	N	J	J	N
Oppsmitting av råte (potensial)	Låg	Høg	Ingen	Høg	Låg	Låg	
Kapitalkostnad	Låg	Låg	Medium	Medium	Høg	Høg	Høg
Energieffektivitet	Låg	Høg	Høg	Medium	Låg	Låg	
"Stenge ut vann" emballasje	N	J	N	J	J		N
Flyttbar	Tja	Aldri gjort	Vanlig	Vanlig	Vanlig		N

# Hydrokjøling

- Hydrokjøling (av hydro = væske)
  - Nedkjøling gjennom nedsenking i isvatn eller spyling (dusjing) med (is-)vatn
  - Friskt vatn er nøytralt og fra produktsynspunkt heilt uproblematisk
  - Hydrokjøling er ekstremt skånsamt og effektivt
  - Kjøling skjer gjennom direktekontakt med vatn og heilt uten vekttap
    - I visse situasjonar kan det bli noe vassopptak
- Alle produkt som toler hydrokjøling bør blir det!
  - Asparges, bønner, beter, brokkoli, gulrot, selleri er mellom dei som kan hydrokjølast



# Vakuumkjøling

- Vakuumkjøling er prinsipielt den rake motsettinga av hydrokjøling
  - Alt kjølearbeid skjer gjennom fordamping av vatn
    - Derfor viktig å utnytte eventuell felfukt eller dogg som finst på produktet
    - Det frie vatnet går først og vernar produktet mot uttørking
    - Viktig med kort tid mellom hausting og kjøling
- Produktet blir plassert i eit trykker før senking av lufttrykket så langt at temperaturen blir 2 °C.
  - Den kraftige fordampinga krev varme, som i hovudsak blir tatt frå produktet
- Vakuumkjøling er best egna til bladgrønsaker med stor overflate og liten masse
  - Stangselleri, salat, erter og blomkål er vekstar som toler vakuumkjøling
- Dyr kjølemetode. Må i tillegg ha eit godt kjølerom for korttidslagring før levering



Konteinar for kjøling av 8 pallar


# Hurtigkjøling

- **Kort oppsummering**
- Hurtigkjøling av produkt er nødvendig for å fjerne felt- og respirasjonsvarme, og vernar produktet frå mange uheldige effektar
- Ulike metodar for hurtigkjøling, som romkjøling, hydrokjøling, tvungen luft kjøling (sug), vakuumkjøling er alle metodar som kan brukast i grønsaker og frukt
- Metode må veljast etter produkt
- Det er alltid tilrådeleg å hurtigkjøle produkt med ein gong det er hausta



## Hurtigkjøle for

- **Gulrot**
- **Hjertesalat**
- **Isbergsalat**
- **Blomkål**
- **Brokkoli**
- **Kinakål**
- **+++**



*Skjematisk teikning av kjøletårn med kjølebatteri og vifte for utblåsing av kald luft nede ved golvet. Stabel med produkt som skal kjølast står attmed.  
Teikning: Alf Johansson*

# Våtkjøling

- Tradisjonelle kjøleanlegg (DX-anlegg) har utfordringer med luftfuktigheita.
- Anlegg med  $\Delta T$  på 4-5 °C, når romlufta er 0 °C, har utfordringer med luftfuktigheita
  - Luft som passerar gjennom fordamparen vil bli avkjølt til meire enn doggpunktet (-1--3 °C)
    - Gir gjenfrysing av fordampar
    - Når kjølelufta blir blanda med romlufta, blir den temperert til om lag 0 °C
    - Dess kaldare kjølelufta får fordampar, dess meire vatn blir fjerna frå produkta
- Med DX-kjøling må vi leve med at vatn frå produkta føres ut av systemet utan at ein kan sette ein effektiv stoppar for det (sitat: Per Roer, Inst. For bygningsteknikk, NLH. SFFL nr 10/1986)
- Løysinga kom frå USA og vart kalla: Våtkjøling

# Prinsipp for våtkjølingsanlegg - 1985


93

b. Sentralt system.

Dette er vist i figur 7

Sentral våtkjøler

- 1 vannreservoar
- 2 vannpumpe
- 3 dyser
- 4 fordamper
- 5 føler for istykkelse
- 6 vifte
- 7 "Filacell"-enhet



## Filacellanlegg

Oppfuktingseining kor all luft som passerar blir overisla av vatn.  
Gir luft med 0,1-0,2 °C og RH opp i 98-99%

# Lagringsforsøk med våtkjøling

Tabell I

RF	Vekttap i % pr. måned	
	Gulrot	Hodekål
90-95 lab.forsøk	1,4 (0,9-1,6)	1,7 (1,2-1,9)
98-100 lab.forsøk full skala	0,2 (0,1-0,3)	0,3 (0,2-0,4)
	0,2 (0,0-0,7)	0,5 (0,0-0,9)

Tabell II

RF	temp. °C	vekt %-andel med noe råte (gj.sn. av 4 sorter)
90-95	0-1	46 (variasjon 20-100)
98-100	0-1	34 (variasjon 15-50)

*Lagringsforsøk med gulrot og kål, med høg og låg luftfukt, Van den Berg, L and Lentz, C.P.: High humidity storage of carrots and cabbage.*



*International Institute of Refrigeration Bulletin. 1966, 335 -344*




Norsk  
Landbruksrådgiving

# Våtkjøling i dag

- Lagerklimaet er heilt avhengig av utforminga av kjølebatteriet og funksjonen
- **Høg luftfukt får ein ved å ikke ta bort fukt!**
- **Medstrømsfunksjon og djupt batteri**
- **Avriming først ved temp.  $\leq 0.5 \text{ }^{\circ}\text{C}$**
- **Avriming med gennomstrømmingsvarme**
- **Velprøvd metode utvikla av Alf Johansson**



## Glykolløysing (30 %) som kjølebærer klarer alle klima – og miljøkrav



## Produkt og lagringsklima - langtidskjøling

- **Gulrot**      -0.3 - +1.0 °C      >100% RH (tåke)
- **Kålrot**      -0.2 - +1.0 °C      >98% RH
- **Raudbeter**    -0.3 - +0.5 °C      >98% RH – eller 4 °C ved  
DX-kjøling
- **Selleri**       +0.0 - +1.0 °C      >98% RH
- **Kvitkål**       -0.2 - +1.0 °C      >98% RH
- **Kinakål**       +0.2 - +2.0 °C      >98% RH
- **Purre**          ÷2.0 - ÷ 1.0 °C      >98% RH

# CO<sub>2</sub> – innhold i lagerlufta

- Respirasjon = produksjon av CO<sub>2</sub>
- Respirasjonsrate på  $1 \text{ mg CO}_2 \text{ kg}^{-1} \text{ t}^{-1}$  =>  $61,2 \text{ kcal tonn}^{-1} \text{ døgn}^{-1} = 71,2 \text{ Watt}$ 
  - Mye CO<sub>2</sub> i lagerlufta er indirekte eit uttrykk for vekttap pga. stor respirasjon
  - Mye varme som skal fjernast
- Auka CO<sub>2</sub> – innhold i lufta er gunstig for noen produkt og gir redusert respirasjon, forseinkar aldring og sjukdomsutvikling, jmf. KA-lagring
  - Indirekte kan därleg luftveksling føre til auka etyleninnhold i lufta = motsett effekt CO<sub>2</sub>
  - Mye etylen => bitterstoff i bl.a. gulrot, pastinakk og rotpersille
- Gamle lager, som regel trebygg, er ikkje potte tette. Det hjelper.
- Nye lager i stålsandwich og betongsandwich er potte tette => må ha kontroll på luftskiftinga.

# Klimaendring – kjølebehov og haustekapasitet

- Åndingsvarmen aleine kan komme opp i 50 – 70 w/m<sup>3</sup>, som kanskje er større enn kjølekapasiteten?
  - Bruk uteluft
  - Ta opp i "sakte fart" => annakvar dag om nødvendig
  - Nytt kjølesystem eller hurtigkjøling
  - *Bruk fagfolk - NLR tar planlegginga*